


## Visste du dette om Stord sokn?

- Stord sokn er eit av to sokn i Stord Kommune og dekkjer områda Leirvik, Heiane/Langeland, Rommetveit, Grov og Huglo. Det er for tida ca 10 800 medlemmer i Stord sokn og meir enn 100 frivillige medarbeidarar.
- Det er gudsteneste i soknet dei fleste søn- og helligdagar. I snitt er det ca 140 deltakarar på ei gudsteneste i kyrkja vår. Det er og gudstenester i Huglo bedehusapell ca ein gong i månaden.
- Soknet inngår i Sunnhordland prosti og har felles stab med Nysæter sokn. Eigen sokneprest og kyrkjemusikar for soknet.
- Soknet har tidlegare hatt eit tett samarbeid med Leirvik bedehus, men har dei seinare åra hatt mindre felles arrangement sidan forsamlinga på bedehuset starta med gudstenester søndag kl 11. Det er mange som likevel deltek både i kyrkja og på bedehuset og særleg i barne- og ungdomsarbeidet utfyller tilboda kvarandre. Soknet samarbeider og med søndagsskulen på Hystad som er eit stort og aktivt søndagsskule-fellesskap med egne samlingar.
- Stord kyrkje er eit tradisjonelt kyrkjebygg frå 1857 med sitjeplass til ca 400 personar. I underetasjen er det eit kapell. Soknet disponerer og Kyrkjestova Fredheim til bruk for ulike aktivitetar. Der er det plass til ca 100 personar. Kyrkjestova er formelt eigd og drifta av ei medlemseigd foreining som har som hovudføremål å gjere den disponibel for kyrkjelege aktivitetar.
- Kvart år er det om lag 100 dåp, 100 konfirmasjonar og 120 gravferder i soknet.

### Følg oss på Facebook!



Kyrkja i Stord og Nysæter  
135 medlemmer • 174 følgere

### Meir informasjon på nett

Vil du lese meir om Stord sokn kan du og ta turen inn på heimesida

[www.kyrkjastord.no](http://www.kyrkjastord.no)

Der finn du kontaktinformasjon, kalender og anna nyttig info.



Her kan du lese om kva

**Stord sokn satsar på...**

i skuleåret 2025-2026



DEN NORSKE KYRKJA

Stord sokn

# SATSINGSOMRÅDE 2025 - 2026

## FRIVILLIGE – Trivsel, eigarskap og deltaking

- Engasjere **fleire frivillige medarbeidarar** og legge godt til rette for deltaking.

- Det skal vere **kjekt** å vere frivillig!

- **Betre struktur på oppfølging av frivillige**

(Medarbeidarlister, informasjon til/om frivillige med meir)

## Eit veksande fellesskap i GUDSTENESTA!

- Byggje vidare på det gode **gudstenestelivet** og bidra til aktiv deltaking frå fleire i kyrkjelyden, særleg unge (inkl. konfirmantar) og frivillige.

- Bruke **kyrkjemusikk** til å styrke gudstenestene og legge til rette for m.a. jazz- og korgudsteneste.

## Kyrkjelydshus

- Halda fram arbeidet med å realisere draumen om eit **kyrkjelydshus** for Stord sokn

- Etablere ei ny teknisk løysing for givarteneste – og få fleire givarar

## DIAKONI

- Open kyrkje ca 1 gong per måned

- Halde fram tilbod om andakt og gudstenester ved sjukeheimane

- Sjå på moglegheiter til å styrke arbeid for flyktningar, m.a. i samarbeid med IKF

## Misjonsprosjekt Cuba

- **Halde kyrkjelyden informert** om arbeidet i kyrkja på Cuba – inkludert effekten av hjelpesendinga

- **Samle inn 50 000kr** årleg i tråd med misjonsavtalen

## Inkluderingsarbeid i kyrkja (HEL-arbeid)

- Skape eit fellesskap der alle føler seg velkomne og verdsett, uansett funksjonsnivå og ressursar. Fjerne fysiske og sosiale barrierar og på den måten sikre **like moglegheiter for alle til å ta del i kyrkjelivet**.

## TRUSOPPLÆRING

- Saman med foreldre og fadrar vil kyrkja på Stord gi ei god og **trygg opplæring i kristen tru**. Kyrkja skal vere ein viktig stad for born og unge - og dei skal oppleve at "det er mi kyrkje".

- Forsøke å starte opp att «Her og Der» for aldersgruppa 12-15 år

- Godt samarbeid mellom **tilsette og frivillige** for å gjennomføre tiltaka.

- Prioritere det kontinuerlege arbeidet (**Babysong, Pøsefest og Konfirmasjon**) som skapar relasjonar mellom borna og kyrkja - og samstundes halde på dei tradisjonelle punkttiltaka som det er best oppslutnad om (**4-årsbok, Tårnagent og Lys Vaken**).

## Ungdom, studentar og unge vaksne

- Vidareutvikle tenesta inn mot særleg ungdom og studentar saman med **spesialprest Runar Larsen**.

- Etablere eit ungdomsråd eller ei **referansegruppe av ungdom**

- **Konfirmantarbeidet** er viktig, og det er ønske om å starte eit **leiarprogram for fjorårs-konfirmantar**

- Framsnakke og informere om **KRIK (Kristen Idrettskontakt)** sitt arbeid for 7.klasse og oppover.

- Vurdere ungdomstilbodet i soknet som del av **Ungdomsår i prostiet**

## Eit levande KYRKJELIV

- Fortsette med **Pizza & Quiz, Søndagskaffi og andre sosiale samlingar**

- **Kyrkjelydsleir** på Brandøy i oktober, felles med Nysæter.

- Ønske om å ha **kyrkjekaffi** på alle gudstenester på søn- og helligdagar

- Felles **møtehelg** med Leirvik Bedehus våren 2026.

Er det noko av dette du har lyst til å vere med på?

Ta kontakt med soknerådsleiar Anders Dahl

(anders.dahl@gmail.com / 93 61 22 34)